

KYRKJEBBLAD

52. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/98

Les i kyrkjebladet

Bård-Egil Dyrhol og biskop Ole D. Hagesæther har skrive kvar sine julehelsingar.

Les dei side 3 og 4.

50- og 60 års konfirmantane hadde jubileum på Dale 18. oktober.

Les om det side 5.

Gunnvor Bjørsvik skriv frå siste julefeiringa i Kina, og nokre seinare glimt.

Les om det side 6. og 7.

Julestoff og aktivitetar for dei minste kan de finna


side 10. og 11.

Glimt frå konfirmant week-end kan de sjå

side 12.

Skal de på julefest? Då bør du lesa

side 13.



I dette julenummeret får de møta Anders Toskedal som fortel om julefeiring i Toskedal (biletet over). Han er 96 år og minnest tilbake til si bardoms jul.

Les om det side 8. og 9.

Foto: Sigmund Simmenes

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 13. januar 1999.
Bladet kjem ut i veke 6 som byrjar med 8. februar.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 61 20
Fax 56 59 89 46

Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30, onsdag kl. 10.30-13.30

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 61 20
Tlf. privat 56 59 73 15

Kapellan Bård-Egil Dyrhol

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88
Mobiltlf. 94 55 12 87

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Herdashuset 4. etasje
Tlf. kontor 56 59 44 54
Mobiltlf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar:
Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.
Kasserar:
Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til: Kyrkjekontoret for
Vaksdal, Pb. 113, 5280 Dalekvam.

Julekvad

Eg synger julekvad,
eg er så glad, så glad!
Eg ser min Jesus kvila
som barn i ringe kår,
på moderfanget smila
som soli rein og klår.
Han er frelsar min!
Han er frelsar min.

Kom, vesle barn, til meg,
eg lengtar etter deg!
Kom, du som sorg kan linna,
stig inn om her er smått,
lat meg deg sjå og finna,
då får eg det så godt!
Drag meg etter deg!
Drag meg etter deg!

Kor er Guds kjærleik stor,
Guds Son er no vår bror!
For me i synd var selde
og låg i trælestand,
han knuste dødens velde
og opna livsens land.
Eia var me der!
Eia var me der

Kvar er vel gleda slik
som høgt i himmerik,
der englesongen tonar
til harper utan tal
frå alle millionar
i himlens kongesal.
Eia var me der!
Eia var me der!

Martin Luther /o. Bernt Støylen

Ja, måtte tonane frå denne songen
en verkeleg få fylla oss denne julen.
Slik at me får sjå at Jesus er frelsaren
vår. Då kan me verkeleg syngja
ut eit fint julekvad.

Med desse vers og ord vil eg takka for dette året og ynskja ei velsigna jule- og nyttårshelg og godt nytt år til alle lesarane.

Ragnvald Kringlebotten

KYRKJESTADEN**DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff
både i svart/kvit og i fargar og er til sals
for:

kr. 150,-

**hjå Petersen & Ypsøy
og på Kyrkjekontoret.**
Boka kan tingast frå
Kyrkjekontoret, Boks 113,
5280 Dalekvam.
Tlf. 56 59 61 20

**UTGJEV-
INGAR 1999**

Veke 6, Fastenr., feb.
Veke 12, Påsknr., mars
Veke 20, Pinsenr., mai
Veke 26, Sommarnr. juni
Veke 35, Haustnr., sept.
Veke 41, Haustnr., okt.
Veke 49, Julenr., des.

LYDANLEGG

Bergsdalen kyrkje har nå fått lydandlegg i kyrkja. Det vart teke i bruk i haust og gjer at folk kan høyra betre kva som vert sagt i kyrkja.

I same slengen tek me med at også Dale bedehus har fått lyd-anlegg.

"...aldri forstummer tonen fra himmelen..."

Så har nok eit år gått, det er snart jul i igjen. Tida går utruleg fort. Men ser vi tilbake så er det mykje som har skjedd. Vi har heilt sikkert gjort forskjellige erfaringar siste år. Vi har kanskje vorte kjend med nye spennande menneske. Kanskje har nokre fått ny jobb. Eller ein har kanskje blitt foreldre for første gong, eller på nytt. Andre har følgd ein eller ei av sine kjære til grava.

For nokre har det vore eit godt år, ein ser tilbake på året med glede. Andre har opplevd sorg og vonde dagar, og ein vil helst ikkje sjå tilbake på det som var.

Tida ho rullar vidare, vi kan aldri få tilbake det som var. Eller gjere om på det.

I ein gammal julesong heiter det:

*Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang...*

Tida kan anten synest som ho spring frå oss, eller ho kan vere drepande kjedelig. Vi kjenner omgrepene "å slå i hel litt tid". Særleg er det slik når vi må gå og vente på noke. Kven hugsar ikkje den lange adventstida då ein var liten? Når dagane snegla seg framover, og det virka som ei uendelighet til julaftan. For ikkje å snakke om sjølve julaftan: Lys vaken klokka fem om morgonen. Det var då minutta var som timer. No er det annerleis, no kjem julkvelden på oss som på den berømte kjerringa.

Tida er der om vi vil eller ikkje. Det er no vi lever. I morgen er i dag fortid. Då kan eg ikkje få dagen i dag tilbake.

Korleis brukar eg tida mi? Tek eg vare på dei menneska eg har rundt meg?

Viser eg at eg er glad i dei?

Tida er dyrebar. Det er viktig å tenke over korleis eg brukar tida.

Jula sin bodskap er at inn i vår tid og vår historie viste det seg eit glimt av evigheita. Tilsynelatande vart det fødd eit heilt vanleg menneskebarn, i fattige kår. Men når han blei født opna himmelen seg over fattige gjetafar på Betlehemsmarkane. Og ein ny song vart songen på jorda:

*...aldri forstummer
tonen fra himmelen
i sjelens glade pilrimssang.*

*Englene sang den
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød.
Fred over jorden,
menneske fryd deg!
Oss er en evig Frelser født!*

Mitt håp er at denne songen også må få klinge inne i dåkke denne jula, og i det komande året. Eg vil ønskje dåkke alle ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år.

Psst! Og så er dåkke alle velkomne til gudsteneste i kyrkjene våre i Vaksdal, både i jula og elles i året.

**Hjarteleg helsing
Bård-Egil Dyrhol**

Kjære kyrkjelydar i Vaksdal!

Bladstyrar har vendt seg til meg og bede meg skrive julehelsing dette året. Det gjer eg jo gjerne, det skulle berre mangle. Men først vil eg få takke for sist. Visitasdagane frå mars kjem til meg og gjer meg glad.

Festdagar og arbeidsdagar vevde seg i hop. Gode andlet, motige draumar, trufaste medarbeidrarar, faste forsett, slik var det. Gud signe dykk alle «*fra fjord og fjære, fra fjell og dype dal*».

Men no: «*Eit «ære være» i dag gjenlyde skal*».

Det er mange år sidan no. Kunstnaren Arent Christensen vart av eit stort forlag beden om å teikne juleforteljinga til ein barnebibel. Han laga nydelege stemningar. Mange kjøpte boka. "Alle" kjende teikningane.

Men etter kvart var det ingen som visste kvar originalen til teikningane var. Kunstnaren var blitt gammal og hugselaus og var komen på sjukeheim. Alle kjende kopiane. Men originalen var borte.

I gravferda til Arent Christensen fortalte enkja meg korleis dei var komne til rette. Ein dag ho var i ferd med å vaske huset oppdaga ho ei skjemmande list i taket. Energisk hadde ho funne seg ein stige og rive lista bort.

Og dermed kom alle juleteikningane til mannen ramlande over henne. Då krigen kom, hadde kunstnaren gøynt dei bak takpanelet. Han var redd dei skulle gå tapt. Sidan hadde han tydelegvis gøynt kvar dei var blitt av.

Brått og utan å vere budd stod fru Christensen med Jesus-barnet i den eine handa og englesongen i den andre. Det vart ei svært sterk oppleving som kom til å bety noko for henne, også reint personleg.

Den same opplevinga av å oppdage noko nytt veit eg at også andre har hatt i dagane før jul. Dei aller fleste av oss veit at julebodskapen eksisterer. Men den er stua litt til side, og gøynt og halvvegs gløymt. Ei barndomsoppleving av noko vakkert, men utan prega detaljar og levande bodskap.

Så skjer det altså: Ein julesong midt i det travle. Ein kyrkjekonsert midt i adventstida. Eit julespel med eigne barn i hovudrollen: "*I dag er det født dykk ein frelsar i Davids by, han er Kristus Herren!*" (Lukas 2,11).

Utan å vere budd på det sit du der med Jesus-barnet i hendene. Og no er bodskapen heilt klar: Det er no det hender. Det er meg det gjeld. Dette er ikkje ein vakker kopi av noko som ein gong var. Det er sjølve originalhendinga som bryt inn i livet mitt!

Kva gjer du når slikt hender? Når du veit med deg sjølv at dette må bli ditt?

Då skundar deg til kyrkje for å høre forteljinga som om du høyrd den for første gong. Så går du opp til alterringen så snart du ser det er nattverd. Der grip du heilt fysisk rundt Jesus-barnet når han kjem til deg i brød og vin.

Så tar du opp igjen den enkle kveldsbøna di og takkar for at Jesus er født også i ditt liv. Og veit du ikkje andre ord å bruke, kan du syng med slektene før deg: "*Han er Frelser min!*"

Ole D. Hagesæther



Konfirmantju- bileum på Dale

Sundag den 18. oktober var det jubileumsgudsteneste i Dale kyrkje for konfirmantane frå 1938 og 1948. Talen for dagen var ved sokneprest Frode Kvamsøe, og organist Steinkopf stod for orgelmusikken.

Det var nok mange som denne dagen let tankane gå attende til konfirmasjonsdagen for 50 og 60 år sidan. Gode minne blanda seg med vemodstankar, minna om dei som ikkje fekk levedagar nok til å vera med oss denne dagen. Etter gudstenesta samlast me i det nye, vakre bedehuset, som er bygd på tomta næraast gamlekyrkja, der alle 50- og 60-års jubilantane var konfirmerte, og der dei fleste var døypte.

Enno ein gong å få møtast og få sjå att dei kjende og kjære andleta frå skule og konfirmasjonsførebuing og konfirmasjonsdag, vart ei ugløymande oppleving for oss 50-års konfirmantar. At 60-års konfirmantane også var med, gjorde samkoma endå rikare, og gav oss ei von om at me i den yngste gruppa også kunne få møtast att om ti år.

Den vakre musikken, som Ragnar Takvam på fiolin og Tone S. Steinkopf på piano gav oss, fekk oss til å gløyma regnet og ruskeveret ute. Me kjende det vel heller slik, at all den varmen me vart møtt med inne, den vakre musikken, den gode maten, den ljomande allsongen, og ikkje minst alle dei glade andleta, varmde ekstra, nettopp fordi hausten ruska utanfor. At dalingane ikkje berre er glade i å syngja, men også kan syngja, fekk me prov for på festen. Ein kan undrast på om denne songgleda innerst inne er eit ynskje om å lyfta seg opp or den tronge Dalegryta og over dei stengjande fjella. Men det syner seg at denne staden som før mange av oss vart for trong, han lokkar og dreg oss attende.



60-års konfirmantar på Dale:

1. r fv. Rigmor Aronsen, Tordis Kristiansen Rørvik, Sønneva Arnetveit Hesjedal, Dagrun Petersen Laastad og Maien (Maria) Reigstad Hjørnevik. 2 r. fv.: Borghild Andberg Lyngmo, Nelly Bergstad Stanghelle, Elna Seim Standal, Klara Faugstad Larsen og Maria Ramsgrø Amundsen. 3. r fv.: Magnus A. Helle, Henrik Hesjedal, Brynjulf Fosse, Malvin Standal og sp. Frode Kvamsøe.

(Privat foto)



50-års konfirmantar på Dale:

1. r. fv.: Reidun Bruvik Meland, Berit Dale Vaksdal, Sølvi Ekanger Kristensen, Berit Varden Reinsaas og Ruth Hesjedal Olsnes. 2. r. fv.: Artur Helle, Grete Berg Holen, Adele Brudvik Gullerud, Wenche Nilsen Seim og Astrid Ervik.
3. r. fv.: Emil Hvidsten, Nils Dalseide, Bjarne Birkeland, Anny Hvidsten Sik, Terje Storegjerde, Finn Vaksdal, Inger L. Anthun Bruket og sp. Frode Kvamsøe.

(Privat foto)

Det er her me har våre røter og mange av våre kjæraste minne. som gjorde konfirmasjonsfesten så hyggelig.

Så hjarteleg takk til soknerådet for dette fine tiltaket, og til dykk alle

Inger Lillian Bruket

Små glimt fra vår sist julefeiring i China, og noen senere glimt.

Julen 1950 nærmet seg. Det ville bli vår andre jul under det nye styret i China. De fleste misjonærerne evakuerte under krigen, men for oss lengst syd på feltet, kunne arbeidet stort sett gå videre. Misjonen hadde fortsatt noen lønnede medarbeidere, og min mann stod fortsatt som bestyrer på sykehuset, som var i full drift.

Årsmøtet for vårt distrikt, Sinhwa, ble avsluttet 5.12., og ti av våre 16 menigheter var representert. Dertil kom noen fra "utesatssjoner" og "prekeplasser", og fra de 16 "husmøter" rundt i den store byen der vi bodde. Biskopen kom fra Changsha, og det var vi alle glade for. Han hadde alltid så mye å gi, med sine gode Bibeltimer. Det ble bestemt å åpne en ny "prekeplass" etter ønske. Alle reiste hjem, takknemlige for et fint årsmøte.

Men så kom en ny situasjon. Den 22.12. ble alle lederne på stasjonen, pluss oss to, innkalt til myndighetene. Sjefen informerte oss på en høflig, fin måte om at all møtevirksomhet måtte stanse momentant. "Det skal være religionsfrihet i China, (min mann skrev i sin dagbok at han gjentok det flere ganger), men for tiden må ingen samles i grupper, uansett." Menighetens prest reiste seg: "Kan vi ikke få lov til å ha en gudtjeneste før vi stenger? Det er

den 25.12 - juledag." Myndighetenes folk gikk ut og talte sammen. -Jo, vi skulle få lov, men alle som kom måtte skrive sitt navn i politiets protokoll, og så skulle det være politivakt i kirken. "Alt skal være i orden", svarte presten. "Kirken skal stenges etter gudstjenesten."

Menigheten brukte å feire julen i kirken. Fin julefeiring i kirken julften i en julepyntet kirke. Alle i feststas, ekstra sang og musikk. Når festen var slutt, kledde de unge seg i hvite kapper og gikk med tente lys til de kristne hjemmene og stod utenfor og sang julesanger og leste juleverset i kor. "Se, jeg forkynner eder." De kom sist og sang for oss, og da smakte det med te og julekaker. Det var ikke så mye igjen av natten. Byen var vant med det. Efter høytidsgudstjenesten - julemiddag for alle, om kvelden - åpent møte - overfylt kirke.

Nu er all julefeiring borte. Men vi hadde fått lov å ha høytids-gudstjeneste med dåp etter møtet med myndighetene. Sjefens ord ble aldri glemt: "Det skal være religionsfrihet i China." Evangeliet var kommet til China. Det ville bli der. Gud har all makt. Jesus går gjennom lukkede dører.

Nu drog alle på dugnad i den store kirken, som hadde vært i bruk av de militære siden byen ble inntatt året i forveien. Det var det største lokalet i byen. Vi brukte "gatekapellet". -Og så ble kirken pyntet til jul. Til side med alt som ikke hørte kirken til. Frem med store papirlykter og stjerner festet på bjelkene under taket. Bibelske billeder langs veggene, kulørte lykter og et stort flott juletre. Gamle-evangelisten var rene kunstneren. Jeg møtte ham utenfor huset. "Har du spiker og

hammer hjemme?" Jo, jeg hadde det. Og så pyntet han vårt hjem til jul. "Kjærlighet oppfinnsom gjør." Jeg har ennå en del av en lenke.

Det ble en underlig juledags morgen. Spenning i luften, men Herren var nær. Jesus gav ikke sine bare Misjonsbefalingen, Matt. 28,20, men han blir også sittet i Ap.gj. 1,8 "*Men I skal få kraft.*" Den kraften uteblir aldri. Og julebudskapet er det samme over hele verden.

Englebesøket - budskapet om en stor glede for alt folket, en Frelser for alle, "*gå og dere skal finne.*"

Men tankene kom også. Ville menigheten komme? Hva med dem som skulle døpes, konfirmeres, skrive sine navn. Politifolkene på plass.

Julegudstjenesten tok til. Ekte, fin julestemning. De vakre julesangene klang så fint, internasjonale, men sunget på eget språk. Min mann var bedt om å ta første del av gudstjenesten med dåpen, og menighetspresten, konfirmasjonen og avslutningen. Det var ikke bare tenåringer som stod fram, men menn og kvinner som i den senere tid hadde bestemt seg. De hadde vært døpt som barn.

Da den siste salmen ble sunget, gikk prestekonen opp til en av prestene. "Menigheten spør om de ikke kan få gå til nattverd. De vet jo aldri hva tid de kan få gå til nattverd igjen." Så ble nattverdsbordet dekket. Alle gikk til alters. Da salmen etter nattverden ble sunget, gikk prestekonen frem igjen. Nu smilte hun. "Nu spør de om de ikke kan få gå rundt juletreten også?" Det store juletreten ble flyttet ned, og plassert midt i kirken. Alle mennene gikk først, og de sang og sang. Kvinnene

hjelp til. Og så var det deres tur. Til slutt var det barnas tur. De hadde vært i kirken hele tiden. Så mange ganger har vel ikke de kjære julesangene blitt sunget på et samvær før. Det brukte å være mange møter i julen.

Da siste salme var sunget og velsignelsen lytt, gikk alle stille ut. Nu var det begynt å mørkne ute. Vi hadde vært i kirken hele dagen. Menighetspresten satte opp en plakat og forseglet kirken. Flere kvinner brast i gråt. "Nu kan Guds tempel bli vanhelliget." "Nei, gråt ikke, dere er Guds tempel, står det i Guds ord, og det kan ingen vanhellige."

Det tok tid før kirkene kunne åpnes igjen. Jeg siterer hva en gammel prest i Shanghai sa til meg: "Julen 1980 fikk jeg bud fra myndighetene om at vi kunne feire jul. Jeg visste ikke hvem jeg skulle kontakte. Men vi kom da sammen 40, og vi lo og gråt og feiret jul."

Den dagen jeg var tilbake i kirken i 1989, var den overfylt.

Da menigheten i Sinhwa fikk lov å feire jul igjen, var den gamle kirken borte. Menigheten ryddet et hus på området. Første etasje ble mottagelsesrom, kirke i andre. På et lite bord i en krok, satte de et lite juletre og en sykehuslege setter seg i en stol, og de tar et bilde. Min mann er nu hjemme hos Herren, men de må ha mintes den julen da kirken ble stengt, og så sender de julehilsen og bildet til meg. Det rører meg fremdeles til tårer, og vi har fortsatt kontakt.

Men Gud skal ha all ære og pris. Vi vil gjøre som den ene spedalske, gå tilbake til Jesus, tilbe og takke. Han som er verdens Frelser. "Gå og I skal finne et barn i en krybbe," sa engelen.

Hyrdene gikk og fant. Har du funnet frem til krybben? "Og finner du Ham i krybbens hø, som hyrder så, så eier du nok til freidig å dø, og leve på."

Biletet under viser interiør fra kirken i Sinhwa. De store kinesertegn under korset betyr: «Ære være Gud».

Foto: En fra menigheten.

Gunvor Bjørsvik



*Du, som i det høie troner i et lys som ei går ut,
bo og i mitt arme hjerte,
fyll det med deg selv O, Gud.*



Jul i Toskedal

I år har me teke turen ned til Vaksdal sjukeheim for å spørja Anders Toskedal korleis dei feirde jul i Toskedal i gamle dagar.

Anders Toskedal vart fødd 19. juli i 1902, og vart altså 96 år i sommar. Han vaks opp i Toskedal saman med far, mor og søsken, men nå er det berre han som lever att av dei.

Anders gifte seg med Klara Marie, som døydde 23. oktober i år.

Førebuingar

Det første me tek fatt i er førebuingar. -Var det nokre spesielle førebuingar til jul?

-Ja, nokre var det. Me hadde gard og far slakta ein del sjølv som mellom anna skulle etast til jul, men me kjøpte også noko kjøt på butikken. Me handla ofte hjå ein handelsmann i Bergen, som var frå Mjelde på Osterøy. Noko vart også kjøpt på Stamnes, seier Anders Toskedal.

-Hjå handelsmannen i Bergen kjøpte me også mange andre ting, og det var mykje å sjå på i byd'n.

Elles var vask av golv og veger noko av førebuinga. Det var det mor som stod føre. Messingen skulle også pussast, og julekruna og stakar elles skulle ha nye ljós til jul.

Julehandel

-Sjølv om det ikkje var slik julehandel som i våre dagar, var det alltid noko som skulle handlast til jul. Julegåver var det heller lite

av, me hadde ikkje så mykje pengar til slikt. For utan mat vart det også handla inn ein del frukt.

Når me skulle til Stamnes og handla, gjekk me over fjellet til Kalvik og rodde så inn til Stamneshella. Når austavinden var sterkt var det mest ikkje råd å gå over fjellet. Mange gonger var me så seint attende frå Stamnes at me laut la varene liggja att i eit urahol. Me gjekk så attende neste dag og henta dei. Varene bar me i kiper.

Julafta

Nye kle til jul var ikkje noko fast rutine. Det hende at me fekk ny dress, men me fekk alltid nye underkle til jul. Og etter at me hadde lauga oss i stampen julafta, var det godt å få på seg nye kle.

Julafta var ikkje noko spesiell om føremiddagen, då skulle ting gjerast, og maten var vanlege skjever. Men om kvelden kom lutefisken på bordet saman med grauten. Til jul fekk me også flatbrød, lefse og blautkake som heitte Tropisk Aroma. Frukta fekk me sjølvsagt også smaka julafta. Sjølv om me ikkje hadde så mykje av det ein har i dag, så kosa me oss julafta likevel, seier Anders Toskedal.

Juledagane

-Juledag fekk me borna mat på senga. Til middag seinare på dagen kom pinnekjøt på bordet. Juledag skulle ein ikkje røra på seg, men halda seg heime.

Besten las alltid teksten juledag, den var lang og fel og me tykte den aldri tok slutt. Eg minnest ein gong bror min Gunnar var liten, då skulle me syngja ein julsongen der me mellom anna syng «Halleluja, halleluja». Då song Gunnar «Ka sa du, ja, ka sa du, ja». Då måtte eg nesten le, men det likte ikkje bestefar. Han var streng bestefar, smiler Anders.

-Men andre juledag kunne me byrja å røra på oss att. Då gjekk me på vitjing til kvarandre. Det var tre bruk i Toskedalen. Det var Andersane, Simoane og Velomsane. Me byttest om kva dag me gjekk på vitjing til kvarandre og då gjekk me om juletreet og hadde det moro.

Julefestar

-Det var ikkje noko organisert julefest før skulehuset på Grøsvik kom. Skulehuset kom i 1919, og julefestar tok dei til med tidleg på tjuetalet. Ein av dei som fekk desse festane i gong, var lærar Sivert Årsnes. Huset vart lagt ned som skulehus i 1965. Siste gong det var julefest i huset var ein gong på nittenåttitalet.

Ein gong måtte eg også av garde til Løvfallstrand i Kvinnherad, der bror min Gunnar og familien budde. Dei ville ha meg til å tala på ein julefest. Nei, det går nå ikkje an, sa eg, men dei stod på sitt og eg måtte koma. Og det gjekk nå etter måten bra. Eg minnest ikkje i dag kva tid det var.

Me reiste også til Stamnes på julefestar, avsluttar Anders Toskedal.

Til slutt vil me ta med at Anders Toskedal har drive som bonde, fiskar og postbod. Gjennom omlag 50 år gjorde han også ein stor innsats i losjelaget «Sennepskornet» i Grøsvik. Nå nytt han alderdomen på Vaksdal sjukeheim.

Me takkar for praten og ynskjer Anders Toskedal ei god og velsigna jule- og nyttårshelg, og vonar at han enno får nokre gode år i vente.

Ragnvald Kringlebotten

Anders Toskedal, biletet til høgre, fortel frå si barndoms jul i Toskedal.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



Her ser me medlemer i Losje «Sennepskornet» i Nordgrend. Fotoet er teke i 1940.
1.r fv.: Ingeborg M. Toskedal, Barbru Simmenes, Ingeborg Moen, Erik Mellesdal, Bernhard Moen, Lars Urheim og Anders Toskedal.
2. r fv.: Bergliot Grøsvik, Ingeborg Elvik, Asbjørn Grøsvik, Ingeborg Grøsvik og Maria Grøsvik. 3. r fv.: Knut Grøsvik, Sverre Steinsland, Johs. L. Toskedal, Gunnar Toskedal, Lars Gammersvik, Kjell Mellesdal og Kåre Grøsvik.

Foto: Sivert Årsnes

Glade Jol

Jolaftan for 180 år sidan, i Austerrike, vart ein av verda sine mest kjende jolesongar laga. Presten Joseph Mohr og klokkenaren Franz Gruber i den vesle byen Oberndorf, sat ved orgelet i kyrkja i den klåre jolenatta. Songen dei song, hadde dei sjølve nett laga, dei kalla han «Stille natt». Dei ynskte inderleg å glede kyrkjelyden på ein særskilt måte denne julen.

Songen var vakker, og kyrkjelyden song han ofte og lærde han vidare til andre. Slik gjekk songen frå kyrkjelyd til kyrkjelyd og kom også til Danmark. Då ein mann som heitte Bernhard Severin Ingemann fekk høyra songen, tykte han melodien var nydeleg. Han laga ein ny tekst til songen som likna den gamle. Songen er framleis flittig sungen i Norden kvar jul.

Hos oss er det vinter og kaldt ved juletider, men i paradis er det evig grøne vokstrar, «paradisgrønt», skriv Ingemann. Difor er englane vårbod til oss midt i vinterkulda. Hyrdane på Betlehemsmarkene både såg og høyrd englane den fyrste julenatta. Men for oss er dei uråd å få auga på, «løynleg ikring oss dei går».

Glade jol, heilage jol!
Englar kjem frå Guds kongestol,
blomar ber dei frå paradis,
fint og fagert dei syng Guds pris.
Løynleg ikring oss dei går,
løynleg ikring oss dei går.

Kristin Astrid B. Øystese (KPK)

Kjenner du julesongane?

Dei fleste av oss kan den første strofa av dei kjende julesongane utanåt. Men når me kjem lenger ut i tekstane, får me vanskar. Her får du nokre verselinjer å prøva deg på. Korleis byrjar dei julesongane- og salmane der desse utdraga står? (Tekstane finn du i Norsk Salmebok og i Sangboken om du lyt sjå etter. Me kjem attende med løysing i først bladet etter nyttår).

1. **Me syng i englelag...**
2. **Mi sjel, kjenn vel denne nåde fri frå våde...**
3. **En svale må ei bede om nattely og ro...**
4. **Det ljosnar så vent over dalar og strand der inn hennar strålar får glytta.**
5. **Barn er bore. Barnekåret, barnekåret ved det me vann.**
6. **Gi til du blir rik og varm, rikest på det siste!**
7. **La isen briste, gi varme snart og vår!**
8. **Da skal med Davidsharpens klang...**
9. **Og blandes enn min frydesang med gråt og dype sukke...**
10. **..han knuste dødens velde og opna livsens land.**

(KPK)



Lag ein stjernehimmel!

Denne er enkel å laga, og han høver like godt i vindauge som over julekrybba.

Du treng to pakkar med gullstjerner (klistremerke på brett). Kjøp ein pakke av kvar storleik. Så treng du ein lang blomsterpinne og kvit sytråd. Legg blomsterpinnen framfor deg på bordet. Knyt trådar fast i pinnen (ulik lengde). Så klistrar du to og to stjerner mot kvarandre med tråden mellom. Når du er ferdig, kan du hengja stjernehimmen opp. Fest pinnen med tråd og teip.


JULE-URO

Du treng:
nokre valnøtter,
kniv,
gull-maling eller spray (kan
sløyfast),
raudt sløyfeband,
lim,
blomsterpinne.

Slik gjer du:

Del nøttene i to med ein kniv. Det som er inni, kan du eta. Etterpå maler du skalet. (Det blir fint utan maling også).

Legg så sløyfeband mellom dei to halve nøttene og lim nøtta saman igjen. Teikninga viser korleis det skal bli.




Heng fleire nøtter på blomsterpinnen, og du har ei fin uro til å hengja i vindauge.

GLITTERLENKER

Du treng:
folie i fleire fargar,
sugerør,

tråd,
nål,
saks.




Slik gjer du:
Klipp opp folie i små firkantar, ca. 2×2 cm. Klipp opp sugerør i lengder på ca. 1 cm.

Tre folie og sugerør (annankvar) inn på ein tråd til du har ei lang lenke. Lenka kan du hengja på juletreet.

SNØKULER

Du treng:
kvit cellevatt-kule,
gullstjerner,
hårnål, el.l. til å hengja
kula opp etter.
tråd.

Slik gjer du:
Lim så mange gullstjerner som du vil på kula. Stikk ei hårnål el.l. ned i toppen av kula. Fest ein tråd øverst i hårmåla, – og du har alt ei fin kule. Lag fleire slike, gjerne i ulik storlek, og heng dei på juletreet.



JULEGÅVE?



Boka "*Jakt og Naturopplevelsar*" inneholder bl. anna: Jakt på rype, tiur, hjort, rein, elg, bever, rådyr, fellefangst av mår, bjørnejakt i Canada. Vandring i Pasvikskogene, vern av Hesjedalsvassdraget med meir.

Pris kr. 198,-

Boka er innbunden og foliert.
Forfattar: Sverre Langhelle.

Til salgs hjå:

Petersen & Ypsøy, Dalekvam, Voss Samvirkeleg avd. Vaksdal, Eidsland, Eksingedalen, Dale Handelsforening avd. Stamnes, eller direkte på:

Tlf. 56 59 82 73.

Konfirmant-weekend

Helga 28. - 30.august og 11. - 13. september var konfirmantar frå Vaksdal prestegjeld på weekendsamling på Fagertun. Prestane og frivillige medhjelparar stod for programmet saman med konfirmantane.

På biletene nedanfor ser glimt frå første weekenden, først er det Eli Merete Terjesen og Karianne Kallestad som har teke seg ein musikklyttande pause, og så ser me to sprudlande konfirmantar, Ole Andreas Dale og Silje Bruvik.

Begge foto: Lene Andreassen



Til venstre ser me konfirmantane frå Eidsland under presentasjonen i haust. Dei var med på andre weekenden. fv.: Line Eide Vik, Anders Nordheim, Børge Møster, Vegar Neset, Caroline Møster og sp. Frode Kvamsøe.

Foto: Anne Margrete Eikefet

JULEFESTAR

Vaksdal Bedehus

Laurdag 09.01. -99.

Kl. 17.00

Alle er hjarteleg velkomne

Arr: Vaksdal sokneråd og

Indremisjonen.

Stanghelle Bedehus

Søndag 03.01. -99

kl. 16.00

Kr. 20,- pr.pers. Maks kr. 80,- pr. familie.

Alle er hjarteleg velkomne.

Arr: Søndagskulen, Barnelaget og Indremisjonen.

Salmer er små kunstverk som er oppstått i møtet mellom evangeliet og livets erfaringer. De er en del av vår kulturar.


Nå er Salmer 1997 her!

Her finner du salmer av bl.a.:

Trygve Bjerkreim
Karin Boye
Bjørn Eidsvåg
Svein Ellingsen
Edvard Hoem
Trygve Hoff
Åse-Marie Nesse
Aage Samuelsen

150,-

*Salmer 1997
er salmer fra
vår egen tid,
et mangfold
av tekster
og toner.*



DU FÅR DEN HER:



PETERSEN & YPSØY A/S

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER
5280 Dalekvam Telefon 56 59 61 58

Ljosheim, Eksingedalen
3. juledag (søndag 27. desember).

For tidspunkt: Sjå oppslag.

Stamnes Bedehus

For dato og tid:

Sjå oppslag

Arr: Soknerådet i samarbeid med søndagskulen og Indremisjonen

Dale Bedehus

Måndag 28. desember

kl. 17.00.

Gang rundt juletret.

Enkel bevertning

NYTTÅRSLEIR

FAGERTUN

28.12 - 01.01

Frå 9. klasse og oppover.

Pris:

Kr. 450,-

(søskensmoderasjon)

Påmeldingsfrist 16. des. 98

Påmelding til:

Norges Samemisjon,
Sparebankgt. 4 A,
5017 Bergen.

Tlf. 55 31 65 06

«KILDEN»

Kor for alle over 14 år.

Songgruppa «KILDEN» er no vorte eit kor som er ope for alle frå 14 år og oppover. Koret har ein klar kristen profil, og hovudmålet er å syngja om evangeliet om Jesus til omvending og oppbygging.

Kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf er musikalsk leiar for koret. Repetoaret er variert, frå bedhussongar til negro spirituals. Koret øver i Vaksdal kyrkje fredagskveldar frå kl.18.00 - 19.30.

ALT I KJØKKENINNREDNING

BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE

**SNEKKER
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 948 45 074



5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.



PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel - Gåver - Kiosk - Tipping
Tlf. 56 59 61 58

Kontormateriell -Leiker - Hobby - Foto
i 2. høgda Dale Handelsforening
tlf. 56 59 79 80

CAMILLA'S KRO

DALE FINA SENTER

- * SNITTAR 14.50
- * KOLDTBORD
- * FEST-LOKALE
- * BEGRAVELSAR
- * HEIMELAGA MAT

- * BENGIN
 - * DAGLEGVARER
 - * NISTEPAKKER
 - * STØRST PÅ MUSIKK
- HF. 56596736



**Velkomen til
Stambua kafe på Dale.
Du finn oss i 2. høgda i
Dale handelsforening.
Tlf. 56 59 60 90**

Stambua^{as}
HEIMELAGA MAT TIL KVARDAG OG FEST

Trelast og byggevarer



DALE TRELAST a/s

Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70
Dalegarden, 5280 Dalekvam



DALE HANDELSFORENING

avd. Dale 56 59 61 01
Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02
Avd. Stanghelle 56 59 50 35

Salg av nye og brukte biler
Service alle bilmerker
Karosseri og lakk
Bilberging



DALE BIL AS

TLF 56 59 60 89 - FAX 56 59 60 04
BOKS 124 - 5280 DALEKVAM

Bank - forsikring

Alt på ein plass !

Skadeforsikring

Bil, hus, innbu, båt, reise osv.

Fondssparing

Kjøp AMS no til "halv pris" ?

Billån

Vi ordnar billån på dagen !

SpareBank 1 Vest

**JULEHANDELEN
I GANG PÅ ESSO'EN**

Besøk vårt juletorg
Mange fine julepresangar

DALE AUTO SERVICE AS



Postboks A, 5280 Dalekvam
Tlf. 56 59 66 35

Til minne om Klara Vassenden

Brått, vondt og uventa, frisk og før som ho var til ho fekk heimlov.

Det følest so rett å minnast Klara i Kyrkjebladet. Kyrkja var hennar hjartebarn og åndellege heim. Ho var med i kyrkjeforeining, kyrkjekoret, og elles var ho fast gjest ved gudsteneste og altargang. Hennar plass står tom. Det minner oss som er att om å vera reiseklar. Alltid var Klara på plass med ei hjelpende hand dersom det var noko som trøngst til i kyrkjeleg arbeid.

Klara fekk sin sjukepleiarutdanning ved Haukeland sjukhus. Si lengste teneste hadde ho som kontorsyster på Dale doktorkontor. Også der var Klara Dalefolket si hjelp når det trøngst. Ho hadde heimen og doktorkontoret, men i den tida det var vanskeleg med lækjarhjelp på Dale, var det ofte at Klara laut trø til både på kveldstid og natt, alltid blid og tenestevenleg. Vi eldre Dalefolk har mykje å minnast og ikkje minst takka søster Klara for.


Klara var heimekjær og slektskjær. Ho delte gledene med oss og var den første som var på plass i sorg og tunge stunder.

No den stund ho hadde betre tid, var det slektsgransking som var hennar hobby.

Sårt er saknet for hennar næreste, men vi vil alle minnast ho i kjærleik.

«Hvor salig er den, når alt farer hen, har Jesus og himlen igjen.»

Kristi Viksund



SLEKTTERS GANG

DØYPTE

DALE

- 04.10 Anita Ringdal
- 04.10 Eline Lid Lervik
- 04.10 Marius Johnsen Davidsen
- 15.11 Tim Flügge Terjesen
- 15.11 Synnøve Håheim Bakk
- 15.11 Synne Ragnvaldsen
- 15.11 Henriette Holme
- 15.11 Silje Kragh Vedå

BERGSDALEN

- 20.09 Kristine Karlsen

VAKSDAL

- 16.08 Ingrid Jamne Kvamme
- 27.09 Vetle Hammersvik Amundsen

STAMNES


- 11.10 Sander Gullbrå
- 11.10 Sunniva Gullbrå Viken
- 08.11 Iben André Jahren
- 08.11 Emmanuel Johnsen Lunde



DALE

- 26.09 Sigbjørn Dale og Liv Marit Vik
- 03.10 Marion Gjermo og Trygve Jakobsen

- 03.10 Ove Dalseid og Bjørg Anita Andresen
- Vigde i Namsos kyrkje.



AVLIDNE

DALE

- 23.09 Per Brekke, f.1924
- 09.10 Astrid Olsnes, f.1907
- 21.10 Erna Kristine Brudvik, f.1910
- 27.10 Erik Arne, f. 1913
- 01.10 Rolf Solhaug, f.1927
- 06.11 Magnus Berge, f.1905



VAKSDAL

- 31.10 Harald Vaksdal, f.1908

EKSINGEDELEN



- 18.09 Andreas Flatekval, f.1926
- 03.11 Magne Vetlejord, f.1911

NESHEIM

- 23.09 Johan J. Gullbrå, f.1938
- 27.10 Hermann Gullbrå, f.1914

STAMNES

- 06.09 Roald Nesse, f.1939
- 12.10 Borghild Sandal, f.1903
- 23.10 Klara Maria Toskedal, f.1911



VIGDE

Returadr.:
Vaksdal kyrkjeblad
Postboks 113, 5280 Dalekvam

16

VAKSDAL

KYRKJEBLAD

VELKOMEN TIL KYRKJE



20.desember - 4.søndag i advent

EKSINGEDELEN kl.16.00

Adventkonsert

24.desember - Julaftan

NESHEIM kl.12. Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Søndagsskulen.

STAMNES kl.13.30 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

DALE kl.15. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Soknerådet.

DALE kl.16. Julaftansgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Soknerådet.

VAKSDAL kl.16. Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

EIDSLAND kl.16.15

Vi syng jula inn.

25.desember - 1.juledag

VAKSDAL kl.11. Høgtidsgudsteneste. Dyrhol og Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

26.desember - 2.juledag

BERGSDALEN kl.11. Høgtids- gudsteneste Dyrhol. Nattverd. Offer til Den Norske Misjonsallianse.

STAMNES kl.11. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

31.desember - Nyårsaftan

VAKSDAL kl.23.15 Dyrhol.

STAMNES kl.23.15 Kvamsøe.

3.januar - Kristi openberringsdag

DALE kl.11. Dyrhol. Nattverd.

EKSINGEDELEN kl.11. Kvamsøe.

Nattverd.

10.januar - 1.søn. etter openberring

STAMNES kl.11. Prostiprest Larsen. Nattverd.

VAKSDAL kl.18. Dyrhol. Nattverd.
DALE kl.16. Konsert med Hordaland Korforbund.

17.januar - 2.søn. etter openberring

DALE kl.11. Prostiprest Larsen. Nattverd.
EIDSLAND kl.11. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Utdeling av «Godt Nytt» til 5.kl.

24.januar - Vingardssøndagen

VAKSDAL kl.11. Familieguds- teneste. Kvamsøe. Utdeling av «Godt Nytt» til 5.kl.

BERGSDALEN kl.11. Dyrhol. Nattverd.

31.januar - Såmannssøndagen

DALE kl.11. Familiegudsteneste. Dyrhol. Utdeling av «Godt Nytt» til 5.kl.

STAMNES kl.11. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Utdeling av «Godt Nytt» til 5.kl.

7.februar - Kristi forklæringsdag

NESHEIM kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Årsmøte.

VAKSDAL kl.11. Prost Knudsen.

14.februar - Søndag før faste

DALE kl.11. Kvamsøe. Årsmøte.

EKSINGEDELEN kl.11. Familie- gudsteneste.Dyrhol. Utdeling av

VIKTIG MELDING!

Sjå i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gud- stenestene.

**KONSERT
I DALE KYRKJE**
Søndag 10.januar kl.16.00
Hordaland Korforbund

PRESTEGJELD

«Godt Nytt» til 5.kl. Årsmøte.

ADVENTKONSERTAR

Dei tidlegare julekonsertane heiter no adventkonsertar, fordi dei er plassert i adventstida.

På konsertane vert det innslag av lokale utøvarar, kor, korps og musikarar. Litt salmesong og adventstankar vert det òg. Me satsar på godt oppmøte og nokre fine stunder i kyrkje- ne.

ADVENTKONSERTAR I KYRKJENE VÅRE

DALE fredag 11.12 kl. 19.00

STAMNES laurdag 12.12 kl.16.

VAKSDAL søndag 13.12 kl. 19.

EIDSLAND

søndag 20.12 kl.16.

Kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid

FORSONGARKOR

Hallo alle syngeglade koristar!

Me står foran ein ny og viktig dag i kyrkjeåret; 1.juledag.

Me ynskjer å lyfte fram songen og musikken denne dagen.

Øving vert:

Måndag 21.des. kl.19.30 og fredag 25.des. kl.10.00 i Vaksdal kyrje.

1.juledag er det fellesgudstene- ste for Dale og Vaksdal. I år er denne på Vaksdal. Songarar frå andre grender er òg velkomne til å vera med.